

NOKUTs tilsynsrapporter

Høgskulen i Sogn og Fjordane

Evaluering av system for kvalitetssikring av utdanninga

Mars 2015



NOKUT 

[NOKUT kontrollerer og bidrar til kvalitetsutvikling ved institusjonane. Dette gjer vi mellom anna gjennom å evaluere institusjonane sitt systematiske kvalitetsarbeid. Alle norske universitet og høgskular er pålagde å ha dokumenterte interne system for kvalitetssikring av utdanninga.

Det skal ikkje gå meir enn seks år mellom kvar gong ein institusjon sitt kvalitetssystem vert evaluert]

| | |
|--------------------------|---|
| Institusjon: | Høgskulen i Sogn og Fjordane |
| Sakkyndige: | Geir Øien, professor/dekan ved Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet Airi Rovio-Johansson, professor ved Gothenburg Research Institute, Göteborgs universitet Erin Nordal, student ved Universitetet i Oslo og nestleiar i ESU |
| Dato for vedtak: | 23.03.2015 |
| NOKUTs saksnummer | 13/60 |

Forord

I følge lov om universiteter og høyskoler skal alle institusjonar som tilbyr høgare utdanning ha eit system for kvalitetssikring av utdanninga. NOKUT har fått i oppdrag å evaluere institusjonane sine system for kvalitetssikring. Det skal ikkje gå meir enn seks år mellom kvar gong ein institusjon sitt kvalitetssystem vert evaluert.

Den sakkunnige komiteen som har evaluert system for kvalitetssikring av utdanninga ved Høgskulen i Sogn og Fjordane besøkte institusjonen 29. september og 6. – 7. november 2014, og leverte sin rapport 12. februar 2015. Komiteen hadde følgjande samansetting:

- professor og dekan Geir Øien, Norges teknisk-naturvitenskaplige universitet (leiar)
- professor Airi Rovio-Johansson, Gothenburg Research Institute, Göteborgs universitet
- student Erin Nordal, Universitetet i Oslo (p.t. nestleiar i ESU)

Rådgjevar i NOKUT, Magnus Strand Hauge, var komiteens sekretær. NOKUT ønsker å takke den sakkunnige komiteen for vel utført arbeid. NOKUT vil også takke alle tilsette og studentar ved høgskulen som har bidrege til komiteen sitt arbeid gjennom intervju mv.

Denne tilsynsrapporten består av to delar. Del 1 inneheld rapporten frå den sakkunnige komiteen og del 2 inneheld Høgskulen i Sogn og Fjordane si uttale til den sakkunnige rapporten. Desse dokumenta vart grunnlag for behandlinga i NOKUTs styre 23. mars 2015, kor følgjande vedtak vart gjort: System for kvalitetssikring av utdanninga ved Høgskulen i Sogn og Fjordane vert godkjent.

Oslo, 23. mars 2015



Terje Mørland
direktør

Innhold

| | | |
|----------|---|-----------|
| 1 | Evaluering av universitet og høgskular sine system for kvalitetssikring av utdanningsverksemda | 1 |
| 1.1 | Innleiing..... | 1 |
| 1.2 | Evaluering av system for kvalitetssikring av utdanninga ved Høgskulen i Sogn og Fjordane | 1 |
| 2 | Kvalitetssikringssystem og kvalitetsarbeidet ved Høgskulen i Sogn og Fjordane | 2 |
| 2.1 | Kort skildring av Høgskulen i Sogn og Fjordane | 2 |
| 2.2 | Kvalitetssikringssystemet ved Høgskulen i Sogn og Fjordane | 2 |
| 2.3 | Status og utfordringar i kvalitetsarbeidet..... | 6 |
| 2.4 | Komiteens tilnærming til evalueringa | 6 |
| 3 | Kvalitetssikringssystemet i funksjon ved Høgskulen i Sogn og Fjordane | 7 |
| 3.1 | Årsrapportar om kvalitet i utdanninga..... | 7 |
| 3.2 | Kvalitetssikring av program og emnar | 9 |
| 3.3 | Tematiske kvalitetsområde | 12 |
| 4 | Samla vurdering i lys av evalueringskriteria | 14 |
| 4.1 | Stimulans til kvalitetarbeid og kvalitetskultur | 14 |
| 4.2 | Mål, plan og ledelsesforankring | 15 |
| 4.3 | Innhenting av dokumentert informasjon om kvalitet i utdanninga..... | 16 |
| 4.4 | Analyse, vurdering og rapportering | 17 |
| 4.5 | Bruk av kunnskap til kvalitetsforbetring | 18 |
| 5 | Konklusjon..... | 18 |
| 6 | Komiteens råd om vidareutvikling av kvalitetsarbeidet | 19 |
| 7 | Vedlegg..... | 21 |
| 7.1 | Dokumentasjon frå Høgskulen i Sogn og Fjordane..... | 21 |
| 7.2 | Program for den sakkunnige komiteens hovudbesøk ved institusjonen..... | 22 |
| 7.3 | Sakkunnig komité's mandat..... | 23 |
| 7.4 | NOKUTs evalueringskriterium | 24 |
| 8 | Appendix: Høgskulens kommentarar til sakkunnig rapport | 25 |

1 Evaluering av universitet og høgskular sine system for kvalitetssikring av utdanningsverksemda

1.1 Innleiing

I forskrift til *lov om universiteter og høyskoler* heiter det at «Universiteter og høyskoler skal ha et system for sitt kvalitetssikringsarbeid som sikrer kontinuerlige forbedringer, gir tilfredsstillende dokumentasjon av arbeidet og avdekkjer sviktende kvalitet» (§ 2-1, (1)).

Kvalitetssikringssystemet er utdanningsinstitusjonanes reiskap for å skaffe seg nødvendig kunnskap for å kunne vurdere kvaliteten i eigne utdanningstilbod. Innanfor rammene av lov og forskrift er det institusjonane sjølv som bestemmer korleis systemet skal utformast, ut i frå eigen storleik, faglege profil og andre forhold ved institusjonen.

Lov om universiteter og høyskoler gir NOKUT i oppgåve å evaluere institusjonane sine system for kvalitetssikring av utdanningsverksemda etter kriterium som organet fastset. NOKUT har gjennomført evalueringar av kvalitetssikringssystem i sektoren sidan 2003, og innleia våren 2009 sin andre runde med slike evalueringar. Evalueringskriteria er no i større grad retta inn mot å vurdere institusjonane sin bruk og nytte av systema.

NOKUT brukar sakkunnige komitear i sine evalueringar. Komiteane skal vurdere om institusjonane tilfredsstiller krava til kvalitetssikring av eigne studietilbod. Ei evaluering av eit kvalitetssikringssystem er såleis ikkje ei fagleg vurdering av innhaldet eller kvaliteten i dei enkelte studia, men ei evaluering av institusjonen sitt systematiske arbeid for å sikre og forbetre slik kvalitet.

Den sakkunnige komiteen baserer sine vurderingar på dokumentstudiar og på samtalar med relevante aktørar ved institusjonen. Det vert gjennomført to institusjonsbesøk. Under det innleiande besøket diskuterer leiinga ved institusjon og evalueringskomiteen status i kvalitetsarbeidet og innrettinga på evalueringa. Komiteens hovudbesøk ved institusjonen vil romme vidare studiar av dokumentasjon i tillegg til samtalar med ulike grupper og aktørar. Komiteen kan her velje å gå meir detaljert inn i utvalde delar av institusjonens kvalitetssikringssystem og kvalitetssikringsarbeid.

1.2 Evaluering av system for kvalitetssikring av utdanninga ved Høgskulen i Sogn og Fjordane

Den sakkunnige komiteen som har evaluert systemet for kvalitetssikring av utdanninga ved Høgskulen i Sogn og Fjordane er samansett av:

Professor/dekan Geir Øien (leiar), Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet.

Professor Airi Rovio-Johansson, Gothenburg Research Institute, Göteborgs universitet.

Student Erin Nordal, Universitetet i Oslo og nestleiar i den europeiske studentunion (ESU).

2 Kvalitetssikringssystem og kvalitetsarbeidet ved Høgskulen i Sogn og Fjordane

2.1 Kort skildring av Høgskulen i Sogn og Fjordane

Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) vart etablert i 1994 gjennom ei samanslåing av ein lærarhøgskule og ein distriktshøgskule i Sogndal med ein sjukepleiarhøgskule og ein ingeniørhøgskule i Førde. Høgskulen har i dag om lag 3800 studentar og 330 tilsette. Fellesadministrasjonen, rektoratet og hovudtyngda av studia er lokalisert i Sogndal, medan sjukepleie- og ingeniørutdanningane ligg i Førde. Høgskulen driv også eit studiesenter på Sandane. Høgskulen har ein einskapleg leiing med tilsette leiarar med fagleg og administrativt ansvar på alle nivå.

Høgskulen har som mål å gje relevante studietilbod med ein yrkesretta profil. Høgskulen har lærarutdanning og bachelorgradsutdanningar innanfor helse- og sosialfag, økonomisk-administrative fag, idrettsfag, og ingeniør- og naturfag. Den har tre eigne utdanningar på mastergradsnivå: organisasjon og leiing, læring og undervisning og samhandling innan helse- og sosialtenester. I tillegg har den ei fellesgrad på mastergradsnivå i landskapsplanlegging, i samarbeid med Københavns universitet og Sveriges Lantbruksuniversitet. Høgskulen gjennomfører også master i idrettsvitskap med Norges idrettshøgskole som fagleg ansvarleg, og master i spesialpedagogikk med Universitetet i Oslo som fagleg ansvarleg. Høgskulen tilbyr også ulike årsstudium og vidareutdanningar.

Høgskulen er organisert i fire avdelingar: Avdeling for lærarutdanning og idrett (ALI), Avdeling for samfunnsfag (ASF), Avdeling for ingeniør- og naturfag (AIN) og Avdeling for helsefag (AHF). ALI og ASF har begge litt over 1100 studentar og ligg i Sogndal. AHF har i underkant av 700 studentar og ligg i Førde, medan AIN har om lag 400 studentar som er delt mellom Sogndal (naturfag) og Førde (ingeniør). Avdelingane er igjen delt inn i totalt ti institutt.

Høgskulen vart omorganisert frå hausten 2011. Avdeling for samfunnsfag og Avdeling for økonomi, leiing og reiseliv vart slått saman til ei avdeling (ASF). Avdelingane vert no leia av kvar sin dekan, medan kvart institutt har ein instituttleiar med personalansvar og ansvar for fagleg leiing av studietilboda på instituttet. Høgskulen fikk også eit rektorat med rektor, viserektor for utdanning og viserektor for FoU. Omorganiseringa vart gjort for å styrke FoU-arbeidet, sikre samhandling på tvers av organisasjonen og leggje til rette for leiarroller med klart styringsansvar.

2.2 Kvalitetssikringssystemet ved Høgskulen i Sogn og Fjordane

NOKUT evaluerte system for kvalitetssikring av utdanninga ved Høgskulen i Sogn og Fjordane i 2008, og komiteen hadde då følgjande tilrådingar for vidare utvikling:

- Komiteen syntes det er viktig at høgskulen held fram med å rette meir merksemd mot resultatane av kvalitetssikringssystemet og dei tiltaka som må setjast i verk.
- Høgskulen bør intensivere arbeidet med å få endå fleire studentar til å delta i evalueringane.
- Høgskulen bør vurdere rutinane sine for systematisk tilbakemelding av resultatane til studentane etter gjennomførte evalueringar.
- Alle studium bør gi studentane rettleiing kring tilbod å ta delar av studiet i utlandet.

Høgskulens system er beskrevet i ei kvalitetshandbok som er ein open, elektronisk presentasjon av institusjonens kvalitetssystem¹. Systemet vart revidert i studieåret 2011-2012 som ein følge av organisasjonsendringa som vart sett i verk frå hausten 2011. Handboka inneheld arbeidsrutinar, prosedyrar og lenkjer til styringsordningar, reglement og skjema. Kvalitetshandboka vert omtala som høgskulen si "reiskapsbod" i kvalitetsarbeidet, og har til føremål å støtte opp under arbeidet med utdanningskvalitet.

Høgskulen har utarbeidd nokre mål for kvalitetssystemet:

Systemet skal bidra til å nå høgskulen sine strategiske mål og sikre forskningsbaserte utdanningar av høg kvalitet. Det skal fremje ein kvalitetsbevisst kultur der leiarar, tilsette og studentar arbeider for å bygge ei felles forståing av utdanningskvalitet med vekt på openheit, utvikling og forbetring. Kvalitetssystemet skal:

- *stimulere og motivere til systematisk arbeid med utdanningskvalitet*
- *framskaffe informasjon som grunnlag for styring og leiing av arbeidet med utdanningskvalitet*
- *dokumentere innhenting og bruk av informasjon frå studentar, tilsette og eksterne i arbeid med utvikling av utdanningskvalitet*
- *legge til rette for medverknad frå studentar og tilsette i arbeidet med utdanningskvalitet*
- *klargjere ansvar og styringslinjer i arbeid med studiekvalitet*
- *sikra at arbeid med utdanningskvalitet får tilført tilstrekkeleg ressursar*

Roller og ansvar i kvalitetsarbeidet er angjeve for rektor, viserektor for FoU, viserektor for utdanning, dekan, årsansvarleg, emneansvarleg, programansvarleg, instituttleiar, fagtilsett og student. I tillegg har følgjande utval og fora roller i systemet: studienemnd, utdanningsutval, læringsmiljøutval, FoU-utval, kontaktutval, høgskulestyret, Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA), leiarforum, internasjonalt forum og masterforum.

Alle bachelor- og mastergradsutdanningane skal ha ei studienemnd. Studienemndene er rådgjevande organ for instituttleiar, og skal bidra til å sikre kvalitet og utvikling i studia over tid, og på eit meir overordna nivå. Studienemndene er sett saman av studentar, fagtilsette og eksterne representantar.

Utdanningsutvalet har ansvaret for høgskulen sitt kvalitetssystem og for å sikre god kvalitet på dei utdanningane høgskulen tilbyr. Utvalet er sett saman av fagtilsette, studentar og eksterne representant, og vert leia av viserektor for utdanning. Utvalet har ansvar for institusjonens kvalitetsrapport som vert lagt fram for styret. Styret har delegert ansvaret for alle studieplanar ved høgskulen til Utdanningsutvalet, som òg godkjenner alle nye studieplanar med omfang over 30 studiepoeng. Viserektor for utdanning leier utvalet og har ansvar for at høgskulen sine studieplanar er i samsvar med lovar og reglar.

Høgskulen har lista opp følgjande element som dei ser på som viktige i studiekvalitetsarbeidet:

- rekruttering og opptak
- mottak av nye studentar
- utdanningsamtale
- studieplanar

¹ http://studiehandbok.hisf.no/khb/kvalitetshaandbok/kvalitetshaandboeker/kvalitetshaandbok_2006/kvalitetshandbok_paa_net

- undervisning
- studie- og karriererettleing
- internasjonalisering
- eksamen og sensur

Systemet med rapportering er bygd opp i tre nivå: institutt-, avdeling- og institusjonsnivå. Instituttleiar har ansvar for å lage ein årleg rapport om utdanningskvalitet for studieprogram på eige institutt. Denne rapporten dannar grunnlag for revisjon av studieplanar og eventuelle personaltiltak for det einskilde studium. Dekan har ansvar for ein samla rapport om utdanningskvalitet for avdelinga. Denne rapporten skal peika på hovudutfordringar for avdelinga og innehalde forslag til tiltak på både kort og lang sikt. Utdanningsutvalet har ansvar for institusjonens årlege rapport om utdanningskvalitet.

Det vert gjennomført undervegsevaluering av alle emne på institusjonen. Denne evalueringa vert gjennomført av eit emneutval eller eit tilsvarande forum. Her møter faglærarar og tillitsvalde studentar kvarandre, og diskuterer ulike forhold ved emnet som studentane ønsker å ta opp. Arbeidet til utvalet skal summerast opp skriftleg, og faglærarar har ansvar for å formidle resultatet til studentane og instituttleiar. Undervegsevalueringa vert nytta til å korrigere undervisninga i emnet.

Sluttevaluering av emne gjennomførast for kvart emne kvar gong det har vore undervist i. Evalueringane skjer på eit standard evalueringsskjema. Faglærarar har ansvaret for gjennomføringa av evalueringa og formidlar resultatata til studentane og instituttleiar. Instituttleiar har det overordna ansvaret for evalueringane av emne på eige institutt, og har ansvar for dokumentasjonen av evalueringane og å nytte resultatata i instituttets årlege rapport om utdanningskvalitet.


Programevaluering skjer ved avslutning av fleirårige studium. Instituttleiar har ansvar for å utvikle og gjennomføre evalueringa og leggje resultatata fram for studienemnd og dekan. Programevalueringane kan ha ulik form, men skal gje kunnskap om fagleg og pedagogisk kvalitet, korleis læringsutbyttet vert oppnådd, og gje ei vurdering av rammefaktorar for studiet. Resultata frå evalueringa er ein del av grunnlaget for instituttleiar sin rapport om utdanningskvalitet. Programevaluering kan også gjennomførast som ei sjøvevaluering leia av ein ekstern programevaluator. Dekan har ansvar for å initiere ei slik evaluering.

Faglærarane skal ved avslutning av eit studium eller emne gjere ei eiga vurdering av emnet eller studiet han/ho har undervist i. Denne vurderinga er ein del av faglærars oppsummering av emneevalueringa frå studentane. Dersom fleire underviser på eit emne, skal det lagast ei samla vurdering.

Etter kvar praksisperiode i profesjonsutdanningane vert det gjennomført ei systematisk studentevaluering. Evalueringane har som mål å gje studentane høve til å vurdere innhald og organisering av praksis. Praksisstadene skal trekkjast med i evalueringsarbeidet. Evalueringa skal dokumenterast skriftleg. Det er instituttleiar som har ansvar for evalueringa, og resultatata er ein del av grunnlaget for instituttleiar sin rapport om utdanningskvalitet.

Sensorrapportane skal vere med å sikre ekstern evaluering av vurderingane og vurderingsordningane, og oppsummeringa av dessa skal inngå i grunnlaget for instituttleiar sin rapport om utdanningskvalitet.

Kvalitetssystemet ved Høgskulen i Sogn og Fjordane



Det vert òg gjennomført ulike undersøkingar om studiekvalitet og læringsmiljø blant studentane. Resultata vert nytta som grunnlag for forbetringar, og inngår i institusjonens rapport om utdanningskvalitet. Høgskulen nyttar informasjon frå følgjande undersøkingar eller forum: Studiebarometeret.no, læringsmiljø-, kandidat- og rekrutteringsundersøking og eit «Sei ifrå»-meldesystem. Studiebarometeret.no er ein undersøking i regi av NOKUT, og høgskulen har no vald å la denne erstatte studiekvalitetsundersøkingar som høgskulen tidlegare har stått for sjølv. Dei andre undersøkingane vert gjennomførte årleg av høgskulen sjølv. Tilbakemeldingar høgskulen får gjennom meldesystemet «Sei ifrå» skal studentane få svar på innan tre veker.

Prosedyrar, årshjul og skjema for gjennomføring av dei ulike evalueringane og undersøkingane finst i kvalitetshandboka på nettsida til høgskulen. Høgskulen har laga ei overordna skisse av kvalitetssikringssystemet som er attgjeve på side 5.

2.3 Status og utfordringar i kvalitetsarbeidet

Høgskulen framhevar internasjonalisering av utdanningane som ei av hovudutfordringane. Svake mobilitetstal har vore tema i høgskulens *Rapport om utdanningskvalitet* dei siste åra. Det har også vore utfordrande å skape tilstrekkeleg med engasjement blant dei fagtilsette når det gjeld arbeid med internasjonalisering. Høgskulen har òg berre delvis lukkast med integrering mellom dei norske og dei utanlandske studentane.

Ei anna utfordring er at auka i studenttal har ført til mindre plass og trongare undervisningsrom. Høgskulen fikk eit løft då den flytta inn i nytt bygg i Sogndal i 2012. Likevel er det framleis trøngt både i Sogndal og i Førde.

Høgskulen trekkjer fram studiepoengproduksjon og gjennomstrøyming som ein styrke. Studiepoengproduksjonen er høg og gjennomstrøyminga er blant den beste i landet. Høgskulen hadde den beste svarprosenten blant dei statlege høgskulane i den første undersøkinga til Studiebarometeret.

2.4 Komiteens tilnærming til evalueringa

Komiteen gjennomførte eit innleiande besøk ved institusjonen 29. september 2014. Både besøket og dokumentasjonen komiteen fekk tilsendt på førehand, ga komiteen eit inntrykk av at leiinga ved Høgskulen i Sogn og Fjordane har god kunnskap om kvaliteten i sine utdanningstilbod. Både leiinga og Studentparlamentet viste tilfredsheit med kvalitetsarbeidet, og komiteen fekk inntrykk av at kvalitetskulturen ved institusjonen er god.

For komiteen var det vanskeleg å identifisere korleis programnivået vart ivaretatt i kvalitetsarbeidet, og høgskulen var einig i at dei hadde eit forbettringspotensial her. Komiteen valte derfor kvalitetssikring av studieprogram som hovudtilnærming under evalueringa. Under besøket uttrykte høgskulen ønske om tilbakemelding på bruk av eksterne i kvalitetsarbeidet. Komiteen ønskte derfor også å sjå nærare på dette. I tillegg vart kvalitetsarbeid knytt til internasjonalisering og forskingsbasert undervisning valt ut som tema.

For å sikre breidde i evalueringa, valde komiteen ut fire ulike utdanningar som er brukt som døme på kvalitetsarbeidet på programnivå: ingeniørutdanninga, grunnskulelærerutdanninga (GLU 5-10), sjukepleieutdanninga og mastergradsstudiet i idrettsvitskap som høgskulen tilbyr i samarbeid med

Norges idrettshøgskole (NIH). Det sistnemnte studiet har NIH ansvaret for, men kvalitetssikringa vert gjort av HiSF etter deira kvalitetssikringssystem. HiSF rapporterer resultatata vidare til NIH. Utdanningane dekker tre av fire avdelingar, og campus både i Sogndal og Førde. Hovudbesøket vart gjennomført 6.-7. november 2014. Komiteen hadde eigne møter med studentar og faglærarar, og med studienemndene for kvar av dei fire utdanningane. Komiteen var på campus i Sogndal første dag av besøket, og på campus i Førde den andre dagen. Etter møta med studienemndene møtte komiteen også utdanningsutvalet.

3 Kvalitetssikringssystemet i funksjon ved Høgskulen i Sogn og Fjordane

Dette kapittelet er delt i tre. I første del fins det ei kort skildring av innhaldet i høgskulens årsrapportar om kvalitet i utdanninga og komiteens vurdering av desse. I del to gir komiteen ei meir inngående skildring og vurdering av høgskulens kvalitetssikringsarbeid på emne- og programnivå, med hovudvekt på programnivået. Denne delen inneheld òg ei kort vurdering av høgskulens arbeid med programkvalitet på institusjonsnivå. I siste del vert høgskulens kvalitetsarbeid knytt til ekstern sensur, internasjonalisering og forskingsbasert undervisning, beskrive og vurdert.

3.1 Årsrapportar om kvalitet i utdanninga

Rapportane om utdanningskvalitet for studieåra 2010/2011, 2011/2012 og 2012/2013 har ein relativt lik struktur. I første delen vert høgskulens hovudutfordringar og tiltak for det neste året presentert. I tillegg vert det presentert data på fem nøkkelindikatorar. Desse er:

- primærstøtjeplassar per utlyst studieplass,
- karaktersnitt for førsteprioritetstøtjeplassar,
- registrerte studentar i første studieår per utlyst studieplass,
- uteksaminerte kandidatar per student som byrja då det aktuelle kullet starta utdanninga og samla studenttilfredsheit henta frå ei årleg kandidatundersøking.

I del to finn ein gjennomgang av kvaliteten i utdanningane for det gjeldande studieåret. I den tredje delen vert det fokusert på læringsmiljøet, medan den siste delen inneheld ei oversikt over bakgrunnsdata.

Rapportane viser at høgskulen har opplevd jamn auke i rekrutteringa i alle tre studieåra. Grunna nedgang i talet på unge i fylket, ønsker høgskulen på sikt å styrkje rekrutteringa frå resten landet, spesielt til profesjonsutdanningane. For å tiltrekke seg fleire studentar til lærarutdanninga, ønsker høgskulen å tilby fleire fag i GLU. Høgskulen skal òg satse på utvikling av fleire mastergradsstudium i tida framover.

Høgskulen vurderer den pedagogiske kvaliteten som jamt over god. Det vert poengtert at høgskulen har ei «tett på-haldning» med tett kontakt mellom studentar og fagtilsette. Grunna større studentgrupper har dette blitt meir utfordrande dei siste åra. Undervegsevalueringane i emna har god oppslutning, men svarprosenten på sluttevalueringane er låg.

Høgskulen har styrka fokuset på digital utdanning og kompetanse. Prosjektet *Digital kompetanse* vart satt i gang i 2011, og har blitt vidareført i åra etter. Fleire studium har no undervisning på nett, talet på eksamensavvikling på PC har auka og det har blitt gjennomført forsøk med elektronisk innlevering og sensur av eksamen.

FoU-aktiviteten ved høgskulen er aukande, og høgskulen arbeider med å styrke den forskningsbaserte undervisninga. Blant anna er det innført bacheloroppgåve i alle bachelorgradsstudium, og det gis undervisning i metode og statistikk i samband med denne oppgåva. Det vert òg satsa på vidareutvikling av kompetansen til dei tilsette.

Vidare vert det rapportert om svakare internasjonal mobilitet blant både studentar og fagleg tilsette. Høgskulen opplever at nokre av fagmiljøa i liten grad er motiverte til å drive med internasjonalisering, og vurderer sjølv dette som eit område dei er svake på. Samarbeid om eksternt finansierte studium og kurs, som høgskulen dei siste åra har hatt mellom anna med Gateway College og Folkeuniversitetet, får god tilbakemelding både frå studentar og oppdragsgjevar. Det vert påpekt at alle studium og kurs er forankra i eit fagmiljø på høgskulen.

Det er dei siste åra blitt arbeida med å tilpasse kvalitetssikringssystemet den nye organisasjonen som kom på plass hausten 2011, og det er oppretta eit utdanningsutval som har ansvaret for kvalitetsarbeidet ved høgskulen. Det vert påpeika at det er eit behov for vidareutvikling av systemet, spesielt når det kjem til kvalitetssikring og evaluering av heile studieprogram.

Høgskulen samarbeider med Studentparlamentet om opplæring av tillitsvalde studentar. Dei arrangerer også saman ei årleg konferanse, «Tett på-konferansen», som tar opp ulike tema knytt til utdanningskvalitet. Studentparlamentet har dei siste åra blant anna fremja ønske om auka fokus på den pedagogiske kompetansen til dei fagtilsette og på FoU-basert utdanning.

Høgskulen flytta sommaren 2012 inn i nye lokalar i Sogndal, slik at alle utdanningane i Sogndal vart samla på ein stad. Likevel opplever høgskulen at areala er knappe, både i Sogndal og i Førde, grunna aukande studenttal.

I hovudsak dokumenterer institusjonens årsrapporter at det vert gjort mykje godt kvalitetsarbeid ved høgskulen. Komiteen oppfatar likevel at institusjonen i varierende grad nyttar informasjonen som vert produsert i systemet. Innhaldet i rapportane er i stor grad ei oppsummering av underliggende rapportar, og er derfor lite analytiske. Rapportane har ein form som gjer at høgskulen enkelt kan styrke det analytiske perspektivet. Her kan ein til dømes aktivt nytte nøkkelindikatorane som vert presentert i starten av kvar av årsrapportane. Det var ikkje vanskeleg for komiteen å identifisere tydelege avvik på desse indikatorane, til dømes scora fleira av utdanningane under høgskulens målsetting fleire år på rad. Enkelte utdanningar hadde òg stor variasjon i prosentdel nøgde studentar frå eit år til eit anna. Utover framstillinga av tala, vart desse forholda knapt nemnt i årsrapportane. Det var heller ikkje gjort samanlikningar over tid. Gjennom slike samanlikningar kan høgskulen enklare identifisere årsakene til avvika, og på den måten skaffe ei betre forståing av kvifor avvik oppstår. Nokre av avvika vart òg diskutert under komiteens innleiande besøk. Leiinga meinte dei kunne forklare kvifor avvika oppstod, men at ikkje alt nødvendigvis eignar seg å nedfelle i institusjonens rapport om utdanningskvalitet. Komiteen kan vere einig i at det kan argumenterast for at noko informasjon bør heldast utanfor slike rapportar, men meiner likevel at det på ein eller anna måte bør kommenterast slik at det ikkje ser ut som om avvika vert oversett.

3.2 Kvalitetssikring av program og emnar

3.2.1 Kvalitetssikring emnenivå

På hovudbesøket møtte komiteen engasjerte og reflekterte studentar. Studentane var godt nøgde med høgskulen og utdanninga dei tok der, og var samstemde i at høgskulen i stor grad lytta til deira tilbakemeldingar og gjorde nødvendige endringar raskt. Referat frå undervegsevalueringar i emneutvala, sluttevalueringar og faglærars evaluering for utvalde emne på alle dei fire utvalde studiane, viser at dei fagtilsette i stor grad vurderer tilbakemeldingane dei får og gjer dei endringane som er nødvendige.

Under hovudbesøket vart undervegsevalueringa trekt fram som ein spesielt god reiskap som sikra studentane sterk innverknad på kvaliteten i utdanninga. Studentane opplevde også at dei tiltaka som faglærarane kunne iverksette sjølv, vart gjennomført raskt. Komiteen oppfatta derfor at det var god kommunikasjon mellom studentar og fagtilsette, og at fantes ein klar «tett på-kultur» slik det vert hevda frå høgskulen.

Sluttevalueringane i dei ulike emna vart i fleire av møta trekt fram som det minst hensiktsmessige elementet i systemet. Studentane opplever ikkje desse evalueringane som spesielt nyttige så lenge dei har høve til å gje tilbakemeldingar gjennom undervegsevalueringane. Svarprosenten på dei fleste sluttevalueringane var låg, unnataka var i dei emna kor evalueringa vart gjennomført i samband med undervisninga. Faglærarane var også einige i at undervegsevalueringane er meir nyttige enn sluttevalueringane, og nokre stilte òg spørsmål om hensikta med nokre av spørsmåla i undersøkinga. Både studentar og fagtilsette meinte at systemet la opp til for mange evalueringar og at dette kunne føre til evalueringstrøytteleik både blant studentar og fagtilsette.

Komiteens inntrykk er at høgskulen kvalitetssikrar dei ulike emna godt.

3.2.2 Kvalitetssikring på programnivå

Det vert gjennomført studentundersøkingar for studentar på siste semester på kvart studieprogram. For sjukepleieutdanninga tek evalueringa utgangspunkt i læringsutbyttebeskrivelsene for studiet. Studentane arbeidar i grupper om i kva grad læringsutbytte er oppnådd. Dei gir tilbakemeldingar på fagleg innhald i emna, læringsmetodar, administrative og sosiale tilhøve ved utdanninga og studiestaden. Leiing, fag og administrativt tilsette er invitert med på tilbakemeldinga. For master i idrettsvitskap vert studentane spurt om oppnådd læringsutbytte, studieinnhald og oppbygning, undervisning og læringsformer, oppfølging og eigen arbeidsinnsats. Høgskulen har i systemet beskrive at ein òg kan gjennomføre programevalueringar med ekstern deltaking, men komiteen hadde inntrykk av at høgskulen ikkje ofte gjennomførte slike evalueringar.

I møtet med studienemndene for sjukepleie og idrettsvitskap vart det opplyst at resultata av programevalueringane som studentane gjennomførte, vert tatt med i arbeidet med kvaliteten i studiet. Komiteen kunne likevel ikkje finne at dette arbeidet har blitt skriftleggjort. Det var derfor uklart for komiteen korleis det vert arbeida med programevalueringane, og kva slags nytte høgskulen har av desse evalueringane. Idrettsvitskap har, i tillegg til studentevalueringane, ei kort programevaluering gjennomført av programansvarleg kor det vises til at studentane har vore nøgde med gjennomføringa av mastergraden.

Slik systemet er bygd opp, har studienemndene ei sentral rolle i kvalitetsarbeidet på programnivå. Likevel tykkjer komiteen at rolla til studienemndene er noko uklar. I høgskulens skildring av system for kvalitetssikring av utdanninga står det at nemndene skal gje råd til instituttleiar om utdanningskvaliteten i studieprogramma. Det er vanskeleg å forstå korleis dette skjer. I hovudsak verkar det som om studienemndene går igjennom dokumentasjonen som vert produsert i emneutvala, sluttevalueringane i dei ulike emna, eventuelle programevalueringar, sensorrapportar og andre eksterne kjelder som til dømes studiebarometeret. Resultatet av dette arbeidet og dei vurderingane som vart gjort i nemndene, verkar derimot ikkje å vere spesielt godt dokumentert. I materialet som vart tilsendt komiteen før hovudbesøket var det eit tydeleg fokus på emnenivå, medan programkvaliteten var lite synleg. Studienemndene meinte likevel at dei bidrog med analyse og vurdering av grunnlagsmaterialet. Til dømes nemnde studienemnda for grunnskulelærarutdanninga at dei nyleg gjekk igjennom resultatata i studiebarometeret i samband med sluttevalueringa for programmet, og at resultatet av dette trulig vil føre til endringar i studieplanen. Dette er for nytt til at det er dokumentert i dei seinaste årsrapportane på dei ulike nivåa, men det var ikkje mykje av denne type samanstilling av informasjon i rapportane frå tidligare år heller. Denne type samanstilling av informasjon på programnivå sagnast dermed i dokumentasjonen. Slik systemet er bygd opp, kan dei samanstillingane, analysane og vurderingane som studienemndene gjer på tvers av dei ulike emna, og som dermed rører ved programnivået, til dømes dokumenterast og inngå som grunnlag i instituttleiarrapportane.

I instituttleiarrapportane² vert alt kvalitetsarbeid som vert gjort på eit institutt summert opp. Dei bygger på ein mal beståande av følgjande punkt: hovudutfordringar for instituttet for det komande året, tiltak til hovudutfordringane, status på tiltak på bakgrunn av rapport frå førre studieår og ei vurdering på grunnlag av bakgrunnsdata. I siste del vert det gjort ei vurdering av følgjande kvalitetsområder: studentrekruttering, utvikling av studietilbodet, pedagogisk kvalitet, fagleg kvalitet, internasjonalisering, eksamen og sensur, kandidatproduksjon, produksjon av studiepoeng, kvalitetssikring, personaldata, læringsmiljø og infrastruktur. Sjølv om rapportane bygger på ein mal, er instituttleiarrapportane svært ulike både i form og i kvalitet. Den siste delen av rapportane inneheld lite vurderingar, men heller framstilling av data og oppramsing av dokumentasjonen som er henta inn. Rapportane er derfor lite analytiske, noko som kan underbyggast ved å gå nærare inn på innhaldet i instituttleiarrapportane for dei fire institutta som hadde ansvaret for dei utdanningane komiteen såg nærare på under hovudbesøket³.

Instituttleiarrapporten for lærarutdanninga er den av dei fire som er mest analytisk i vurderingane som vert gjort. Vurderinga av dei ulike kvalitetsområda er ganske utfyllande, og er gjort med bakgrunn i fleire ulike perspektiv (til dømes studentperspektiv, faglærars perspektiv, kvantitative indikatorar osv.). Det vises òg til relevant bakgrunnsdata, som det i tillegg vert gjort vurderingar av over tid. Rapporten har likevel forbedringspunkt. Til dømes er delen om pedagogisk kvalitet lite vurderande sjølv om den inneheld informasjon frå fleire kjelder.

Instituttleiarrapporten for institutt for idrett er i stor grad ei oppsummering av det som er gjort ved instituttet det siste studieåret, i tillegg til oppramsing av resultatata frå studentevalueringane. Rapporten

² Avdeling for ingeniør- og naturfag var i studieåret 2012/13 ikkje delt inn i institutt. I staden for instituttleiarrapportar las komiteen programleiarrapport for ingeniørutdanninga og programleiarrapport for naturfagutdanningane. Desse var skreve etter mal for instituttleiarrapport. Hausten 2014 vart det oppretta eigne institutt for desse områda: institutt for ingeniør- og teknologifag og institutt for naturfag.

³ Institutt for lærarutdanning, institutt for idrett, institutt for sjukepleieutdanning og institutt for ingeniør- og teknologifag. Institutt for ingeniør- og teknologifag var ikkje eit eige institutt på tidspunktet rapporten vart skrivne. Rapporten for ingeniørutdanninga var skrivne av programansvarleg.

innhald ein del relevant informasjon, og med ei tydelegere systematisering vil det bli lettare å sjå samanhangen mellom informasjonen og dei tiltaka som vert foreslått.

I instituttleiarrapporten for sjukepleiarutdanning vert det rapportert på kvalitetsområda i malen, men her er det i tillegg lagt inn eit punkt om digital kompetanse. Det står lite om kvart punkt, med unntak av det som går på pedagogisk kvalitet som i stor grad er ei oppsummering av alle emneevalueringane og tiltak som vert gjort med bakgrunn i desse. Bakgrunnsdata er også lagt ved, men det meste vert ikkje kommentert.

Programansvarlegrapporten⁴ for ingeniørutdanninga inneheld lite informasjon. For nokre av punkta som eksamen og sensur, produksjon av studiepoeng og personaldata, er det ikkje rapport noko i det heile tatt. Under pedagogisk kvalitet står det ikkje noko meir enn at studentane stort sett er nøgde, men at det er variasjon i tilbakemeldingane og at ein har eit forbettringspotensial. Om infrastruktur står det at romsituasjonen er pressa og at laboratoriestyret har fått eit løft, men at det fortsatt er eit stort behov for betre utstyr. Dei nemnde hovudutfordringane for ingeniørutdanninga er lite konkrete. Ei av utfordringane er «romsituasjonen», men kva utfordringa spesifikt går ut på vert ikkje nemnt. Det er også vanskeleg å sjå samanhangen mellom hovudutfordringane og tiltaka som skal løyse desse.

Med eit så varierende innhald er det vanskeleg å forstå kva høgskulen eigentleg ønsker av informasjon frå instituttnivået. Nokre av rapportane er svært fyldige og dokumenterer mykje godt kvalitetsarbeid på emnenivå, men informasjonen verkar i liten grad å vere systematisert. Dersom rapportane skal danne eit grunnlag for analysar på høgare nivå, treng dei ikkje nødvendigvis å vere spesielt analytiske. Det er då ein fordel at dei i det minste inneheld relativt lik, systematisert og samanliknbar informasjon, slik at det vert enklare å vurdere kva ein bør analysere nærare på nivået over. Ei mogleg årsak til at rapportane verkar lite analytiske er at det vert produsert svært mykje dokumentasjon om kvaliteten i dei ulike emna, noko som kan gjere at det vert lite tid igjen til å stille saman informasjonen og analysere denne. I arbeidet med å styrke det analytiske perspektivet i rapportane, er det derfor viktig å gjere ei vurdering av kva slags informasjon som er hensiktsmessig å rapportere vidare i systemet og tydeleggjere dette overfor instituttleiarane.

Komiteen har òg sett på rutinane for oppretting av nye program, og dokumentasjon og styrevedtak knytt til to døme på oppretting av nye studium: bachelorgradstudium i fornybar energi og mastergradstudium i samhandling innan helse- og sosialtenester. For kvart nye studium på over 30 studiepoeng vert det nemnt opp studieplankomiteé. Komiteen skal ha ekstern deltaking og skal utarbeide forslag til ny studieplan. Studieplanen skal samsvare med krav i NOKUTs studietilsynsforskrift. Utdanningsutvalet godkjenner deretter studieplanane før styret gjer vedtak om etablering. I dokumentasjonen vert det også vist til NOKUTs krav til fagmiljøa som skal vere tilknytt dei enkelte studiane.

Det ser ut til å vere ein skilnad mellom dei to studiane i kor grundige vurderingane som vert gjort av dei var. Spesielt var vurderinga av fagmiljøet tilknytt bachelorgradstudiet svært knapp, medan det vart gjort ei grundig vurdering av fagmiljøet tilknytt mastergradstudiet. Høgskulen forklarte det både med at det er ein stor skilnad i krava til fagmiljøet på dei to nivåa og at det derfor er naturleg at vurderingane har ulik karakter, men også med at det må sendast søknad til NOKUT om akkreditering av mastergradstudiet og at det derfor for dette studiet er enda viktigare at dei grundige vurderingane

⁴ Sjå fotnote 2.

vert dokumentert. Mastergradstudiet i samhandling innan helse- og sosialtenester vart akkreditert av NOKUT i februar 2012.

3.2.3 Kvalitetssikring på institusjonsnivå

Utdanningsutvalet har i følge systemskildringa ei sentral rolle i kvalitetsarbeidet på institusjonsnivå. Utvalet har eit hovudansvar for å utvikle og forvalte høgskulen sitt kvalitetssikringssystem, det har eit ansvar for å sikre god kvalitet på dei utdanningane høgskulen tilbyr, det godkjenner alle nye studieplanar med omfang over 30 studiepoeng og har ansvar for institusjonen sin rapport om utdanningskvalitet som vert lagt fram for styret. Under møtet med utvalet oppfatta komiteen at utdanningsutvalet i hovudsak kvalitetssikra saker om oppretting av nye studietilbod, og i mindre grad var opptekne av kvalitetssikringsarbeidet for dei eksisterande studiane. Komiteen hadde til dømes forventna at institusjonens årsrapport om utdanningskvalitet var eit resultat av arbeidet i utvalet, men vart fortalt under besøket at det er ein person i utvalet som les dekanrapportane, og skriv institusjonens årsrapport om utdanningskvalitet på bakgrunn av informasjonen i desse. Slik sett verkar denne rapporten meir som input til arbeidet i utdanningsutvalet, enn output frå arbeidet som vert gjort der. Det vart nemnt at utvalet òg hadde ansvaret for initiere dei tiltaka som vert føreslått i institusjonsrapporten, men at dei i liten grad førte kontroll med gjennomføringa av desse. Dette kan vere ei forklaring på kvifor det i årsrapporten for institusjonen, ikkje vises til noko oppfølging av tiltaka som vart føreslått året før. Ved å tydeleggjere kven som har ansvar for iverksetjing av dei ulike tiltaka som vert føreslått i institusjonens årsrapport om utdanningskvalitet, vil det kunne bli enklare for høgskulen å følge opp tiltaka i neste årsrapport.

Under besøket meinte fleire av dei fagtilsette som komiteen møtte at dei vurderingane og analysane som komiteen etterspurte vart gjort, men ikkje alltid dokumentert. Komiteen erfarte at det på institusjonen finst andre uformelle og formelle kanalar for spreiding av informasjon om kvaliteten i utdanningane. Som eit døme på dette kan ein sjå nærare på ei sak som vart nemnt i programansvarlegrapporten for ingeniørutdanninga. I denne vart det rapportert om eit stort behov for laboratoriestyr, men det var ingen informasjon utover dette. I institusjonens rapport om utdanningskvalitet vart ikkje dette behovet beskrive i det heile tatt. Behovet for betre laboratoriestyr verkar dermed ikkje tilstrekkeleg dokumentert, og har heller ikkje blitt rapportert vidare i kvalitetssikringssystemet. I møtet med studienemnda for ingeniørutdanninga vart det opplyst at behovet om betre utstyr vart rapportert vidare i institutta og avdelingane sine budsjettinnspel til leiinga og styret, som igjen løyva pengar til dette. Sjølv om behov for betre laboratoriestyr likevel vart ordna, er det ein fordel om dei behov som har noko å seie for utdanningskvaliteten i eit studium også vert meldt gjennom kvalitetssikringssystemet. Dette vil gjere det enklare å sjå samanhengen mellom tiltaka for å heve kvaliteten på utdanningane, og budsjettinnspela som vert sendt til høgskulestyret.

3.3 Tematiske kvalitetsområde

3.3.1 Ekstern deltaking

Høgskulen nyttar eksterne på fleire måtar i kvalitetsarbeidet. Utdanningsutvalet og studienemndene har ein eller fleire eksterne representantar. Høgskulen har eksterne sensorar på dei fleste eksamenar, og nyttar eksterne i studieplanarbeidet ved oppretting av nye studium. I møta med studienemndene for

studium med praksis (grunnskulelærerutdanninga og sjukepleieutdanninga) fekk komiteen inntrykk av at høgskulen, gjennom studienemndene, får viktig tilbakemelding om praksisen i studiane som dei ikkje får på same måte i dei interne kvalitetssikringsprosessane. Det var òg tydeleg i dei studienemndene kor den eksterne deltakinga bestod av fagtilsette ved andre høgare utdanningsinstitusjonar (mastergradstudium i idrettsvitskap og ingeniørutdanninga), at desse vart nytta i kvalitetssikringa opp mot tilsvarende studium ved andre institusjonar. Høgskulen nyttar også sensorrapportar frå eksterne sensorar i kvalitetsarbeidet. Dei døma komiteen fekk sjå av desse, viste at dei var av svært varierende kvalitet. Bruken av ekstern sensur vart tatt opp i møta med studienemndene, kor det vart nemnt at sensorrapportane generelt sett var nyttige. Det vart òg vist til at det hadde blitt gjort endringar i samband med tilbakemeldingar frå dei eksterne sensorane. I grunnskulelærerutdanninga hadde sensorrapportar blant anna ført til endringar i pensum.

Eksamen og sensur er eit tema som instituttleiarane rapporterer på i sin rapport. Likevel fins det i desse rapportane svært lite informasjon om resultatane av kvalitetssikringa som vert gjort gjennom ekstern sensur. Nokre instituttleiarrapportar nemner ikkje ekstern sensur i det heile tatt, i andre rapporterast det berre om at dei har ekstern sensur og eventuelt kor stor del av eksamenane som gjennomførast med ekstern sensur. I eit par vert det i tillegg nemnt at sensorrapportane syner at det er tilfredsstillande kvalitet på vurderingsformer og studentprestasjonar. Sensorrapportane nyttast derfor i liten grad saman med anna dokumentasjon. I dokumentasjonen saknast det vurderingar og analysar med eit større kjeldegrunnlag enn kvantitative karakterfordelingar, samt ei synleggjering av resultatane av slikt arbeid.

3.3.2 Internasjonalisering

I skrevet *Status og utfordringar for arbeid med kvalitet i utdanningane* trekker høgskulen fram internasjonalisering som eit satsingsområde for dei neste åra. Ambisjonen er å tilby eit pulserande internasjonalt miljø, ei krevjande målsetting som høgskulen til no meiner dei ikkje har lukkast særleg godt på. Dette kjem også fram i dei siste årsrapportane om utdanningskvaliteten ved høgskulen. I rapportane er ein del via til internasjonalisering, men mykje av innhaldet i denne delen er knytt til student- og lærarmobilitet. Nokre andre internasjonaliseringstiltak vert nemnt, til dømes omarbeiding og kvalitetssikring av studieplanar på engelsk og ivaretaking av den internasjonale dimensjonen gjennom å sikre eit internasjonalt perspektiv i pensum. I instituttleiarrapportane rapporterast det berre om inn- og utveksling, og konklusjonen i dei fleste rapportane er at både student- og faglærarmobiliteten er for dårleg.

Komiteen er einig i at høgskulen har ein veg å gå når det gjeld internasjonalisering. For det første er fokuset i for stor grad retta mot student- og lærarmobilitet. Når komiteen tok opp internasjonalisering i møta med dei ulike gruppene, dreia samtalene seg fort mot utveksling. Sjølv om studentmobiliteten skulle auke sterkt, vil fortsatt det store fleirtalet velje å bli igjen på høgskulen. Dette betyr at høgskulen også må ha gode ordningar for internasjonalisering i egne utdanningar, slik at studentane som ikkje drar ut også får ei utdanning med eit internasjonalt perspektiv. For det andre så synes det ikkje som om internasjonaliseringsperspektivet vert spesielt godt ivare tatt i kvalitetsarbeidet på institusjonen. Det var ingen eller få teikn på at internasjonalisering vert tatt opp som tema i dei ulike evalueringane som gjennomførast. For å få idear til korleis dette kan gjerast, kan det vere nyttig å sette nokre tydelege mål for kva ein ønsker å oppnå med internasjonalisering. Ei moglegheit er å sikre at læringsutbyttebeskrivelsene har ein internasjonal dimensjon, og i kvalitetsarbeidet vurdere kva slags

tiltak som må til for at studentane skal oppnå læringsutbyttet. Når høgskulen no har definert internasjonalisering som eit satsingsområde i nær framtid, er det naturleg at denne dimensjonen får ei større plass i kvalitetsarbeidet.

3.3.3 Forskingsbasert undervisning

I høgskulens årsrapportar om utdanningskvalitet er kvalitetssikring av forskingsbasert undervisning behandla nærare i delen *Fagleg kvalitet, forskingsbasert undervisning og kompetansebygging*. Fokuset her er på forskingskvaliteten, men delen inneheld også informasjon om korleis høgskulen arbeider med forskingsbasert undervisning. Studieplanane vert årleg reviderte og supplert med nye forskingsartiklar. På bachelorutdanningane har alle emne ein emneansvarleg med førstestillingskompetanse, og lærarane legg fram sine forskingsprosjekt for studentane i siste semester. I alle årsrapportane vert idrettsstudiane trekt fram som eit føredøme på korleis forskning vert trekt inn i studiane. På både bachelorgrads- og mastergradsnivå har idrett lukkast med å integrere studentoppgåver i forskinga til dei fagtilsette. Dette kan ein òg finne igjen i instituttleiarrapporten for Institutt for idrett. I møtet med studienemnda vart dette utbrodert nærare. På mastergradsstudiet i idrettsvitenskap har dei i desember ein introduksjon for førsteårsstudentane, kor alle fagtilsette presenterer prosjekt som dei kan rettleie på. Instituttet har også fått ei pott med midlar til fleire ulike forskingsprosjekt som studentane kan delta i. Høgskulen har også hatt fokus på at studiets profil skal vere tilpassa dei fagtilsettes kompetanse. Ved å velje bort dei tematiske områda kor høgskulen ikkje har god nok forskingskompetanse, og i staden undervise innanfor dei forskingsområda som dei tilsette har spisskompetanse i, sikrar ein betre kvalitet på den forskingsbaserte undervisninga.

Forskingsbasert undervisning vert tatt opp i dei fleste andre instituttleiarrapportane også. Rapportane inneheld likevel lite informasjon utover ei oppsummering av kva som vert gjort for å sikre god forskingsbasert undervisning. Det vert ikkje gjort noko vurdering av om kvaliteten i undervisninga er god nok, eller om ein bør vurdere andre tiltak. I institusjonens årsrapport er det heller ingen slike vurderingar, utover det at Institutt for idrett er eit førebilde for dei andre institutta. I følge skildringa av kvalitetssystemet ved høgskulen skal systemet «bidra til å nå høgskulen sine strategiske mål og sikre forskingsbaserte utdanningar av høg kvalitet». Komiteen saknar ei tydeleggjering av korleis ein sikrar dette når vurderingane av kvaliteten på den forskingsbaserte undervisninga tilsynelatande ikkje vert skriftleggjort.

4 Samla vurdering i lys av evalueringskriteria

4.1 Stimulans til kvalitetarbeid og kvalitetskultur

- om institusjonen stimulerer til engasjement for kvalitetsarbeid blant ansatte og studenter og deres demokratiske organer

Det er komiteens oppfatning at høgskulen stimulerer til kvalitetsarbeid på alle nivåa i organisasjonen, og at det har blitt opparbeida ein svært god kvalitetskultur ved institusjonen. Leiinga er svært opptekne av å sikre eit godt og velfungerande kvalitetsarbeid, og sikrar på ein god måte deltaking frå alle aktørar

som har ei rolle i systemet. Det vert ikkje funne noko teikn på svikt i fagmiljøas deltaking, og komiteen hadde inntrykk av at alle faglærarar gjennomførte evalueringane dei var satt til å gjere.

Studentane deltar også aktivt i kvalitetsarbeidet. Studentane var svært positive til undervegsevalueringane i emneutvala, og opplevde at faglærarane justerte si undervisning i tråd med studentanes tilbakemeldingar. Studentane meinte at desse er meir nyttige enn sluttevalueringane, noko som vart stadfesta av dei fagtilsette. Dette kom også til syne ved den svært varierende svarprosenten på sluttevalueringane av dei ulike emna. I dei utdanningane kor studentane fyller ut sluttevalueringa som ein del av den obligatoriske undervisninga, var svarprosenten god. Dette er ikkje mogleg i alle emna, og fleire emne har derfor låg svarprosent på denne undersøkinga. Då studentane på høgskulen deltar aktivt i anna kvalitetsarbeid, og også har ein svært høg svarprosent på blant anna Studiebarometeret si undersøking, sit komiteen igjen med eit inntrykk av at evalueringstrøytteleik kan vere ei årsak til låg svarprosent på sluttevalueringane. I lys av dette anbefaler komiteen at høgskulen finn ein annan måte å gjennomføre sluttevalueringar på.

Høgskulen i Sogn og Fjordane har eit ønske om å vere «tett på» studentane. På hovudbesøket fekk komiteen inntrykk av at dette var godt innarbeida i organisasjonen. Leiinga, fagtilsette og studentar opplyste at det er tett kontakt både mellom fagtilsette og studentar, og mellom tilsette på dei ulike nivåa i organisasjonen. Det vart vist til «tett på»-kulturen både i møta med studentar og fagtilsette, og dei var samstemde i at dette var ein av høgskulens styrkar. Komiteen er einig i dette.

4.2 Mål, plan og ledelsesforankring

- *om mål, ansvar, prosesser og aktører som inngår i kvalitetssystemet er klart beskrevet (systemets strukturelle oppbygning), og hvordan systemet for kvalitetssikring utvikles i tråd med institusjonenes behov*

Måla med kvalitetsarbeidet verkar å vere tydelege og hensiktsmessige. Komiteen er likevel noko usikker på om kvalitetssikringssystemet er utforma i tråd med alle måla for kvalitetsarbeidet. Den nedre kvalitetssikringssløyfa mellom student og fagtilsette fungerer svært godt, og både fagtilsette og studentane er spesielt nøgde med denne delen av systemet. Når ein ser på informasjonsflyten vidare i systemet, er det noko vanskeleg å sjå hensikta med arbeidet som vert gjort. Instituttleiarrapportane er eit døme på dette. Dei har svært ulike fokus og er av varierende kvalitet. I og med at desse rapportane dannar grunnlaget for kvalitetsrapportane på dei høgare nivåa i organisasjonen, er det ein fordel at dei er nokolunde like i utforminga, slik at det vert lettare å prioritere dei ulike tiltaka som vert føreslått. Det er derfor vanskeleg å forstå korleis systemet bidrar til å oppnå blant anna målet om at systemet skal «framskaffe informasjon som grunnlag for styring og leiing av arbeid om utdanningskvalitet». Det manglar ein tydeleg plan for kva som skal gjerast med informasjonen som vert henta inn (sjå 4.4). Sjølv om høgskulen har tydeleggjort kva slags område det skal rapporterast på, verkar innhaldet og forma på rapporteringa noko tilfeldig.

Det fins rolleskildringar for alle dei sentrale aktørane, og ansvaret for dei ulike prosessane er relativt tydeleg fordelt. Sjølv om rollene som vert beskrive er relativt tydelege, er det eit behov for å samordne rolleskildringar på tvers av dei ulike avdelingane og institutta. I tillegg er rollene til studienemndene og utdanningsutvalet noko uklare. I følgje rolleskildringa (sjå 2.2) skal studienemndene blant anna bidra til å sikre kvalitet og utvikling av studiet, medan utdanningsutvalet blant anna har ansvar for å

sikre god kvalitet på dei utdanningane høgskulen tilbyr. Komiteen er positive til desse utvala, og meiner dei er svært viktige i kvalitetsarbeidet. Resultata av arbeidet deira er derimot lite synleg i dokumentasjonen og rapportane. Ei synleggjering av arbeidet til studienemndene og utdanningsutvalet i rapportane på tilhøyrande nivå, vil kunne sikre eit tydelegare samsvar mellom rolleskildringa og dokumentasjonen. Dette kan òg føre til at kvalitetsarbeidet på programnivået vert synlegare.

I tilknytning til rollene til studienemndene og utdanningsutvalet, meier komiteen å ha identifisert nokre svake punkter i systemet. Kvalitetssikringssystemet er bygd opp slik at kvaliteten på arbeidet avheng av at instituttleiarrapportane er av høg kvalitet, fordi all informasjon som genererast på studienivå er oppsummert i denne rapporten. Komiteen oppfatta at institutta arbeidar på ulike måtar med instituttleiarrapporten, og anbefaler at studienemndene som i dag ikkje deltar aktivt i utviklinga av rapporten, gjer dette i framtida. Dette vil forankre rapporten blant tilsette og studentar på instituttet. Utdanningsutvalet kan òg ha ei meir aktiv rolle i utviklinga av institusjonens rapport om kvalitetsarbeidet. Dei siste åra har det berre vore ein person i utvalet som les grunnlagsmaterialet og skriv rapporten. For å få sikre gode instituttleiarrapportar og ein god institusjonsrapport, meiner komiteen at alle som sit i ei studienemnd eller i utdanningsutvalet må lese relevante underliggende rapportar og bidra med innspel på kva som bør vere fokus for analysar i dei ulike rapportane. Dette vil kunne heve kvaliteten på dei. Resultatet av utdanningsutvalets arbeid bør til dømes bli inkludert i institusjonens årsrapport om utdanningskvalitet, slik at den ikkje berre synast å vere ei oppsummering av dei underliggende rapportane. Til slutt kan utdanningsutvalet også i større grad initiere analysar av eventuelle svake og sterke område som vert avdekka gjennom kvalitetsarbeidet, og inkludere desse i rapporten. Komiteen tykkjer derfor at høgskulen kan klargjere rollene og ansvaret til studienemndene og utdanningsutvalet, slik at målet om at systemet skal «klargjere ansvar og styringslinjer i arbeidet med utdanningskvalitet» vert oppnådd betre.

Når det gjeld dei andre måla (sjå s. 3), så bidrar kvalitetssikringssystemet i stor grad til at desse vert oppnådd. Kvalitetssikringssystemet synast å vere godt forankra hos leiinga. Leiinga verkar òg opptekne av, og ser nytta med kvalitetsarbeidet.

4.3 Innhenting av dokumentert informasjon om kvalitet i utdanninga

- *om sikring og vurdering av kvaliteten i hvert enkelt studium bygger på dokumentert informasjon som systematisk innhentes fra flere kilder, og om det er særskilte prosesser for å kvalitetssikre oppretting av nye studier*

Høgskulen i Sogn og Fjordane hentar inn svært mykje dokumentasjon om kvaliteten i kvart studium. Høgskulen nyttar fleire kjelder i kvalitetsarbeidet: undervegs- og sluttevalueringar i alle emne, sensorrapportar, evaluering av praksis, programevalueringar, kvantitative indikatorar (DBH-tal) og Studiebarometeret. I tillegg har alle studienemndene ein eller fleire eksterne representantar, som til dømes representantar frå lokalt arbeidsliv, praksisfeltet og andre høgare utdanningsinstitusjonar. Sjølv om høgskulen nyttar informasjon frå fleire ulike kjelder, stiller høgskulen i mindre grad saman informasjonen frå dei ulike kjeldene. I den grad det vert gjort, er ikkje dette spesielt godt dokumentert. Ei årsak til dette kan vere at det er for mykje rapportering, og at dette er til hinder for eit meir systematisk arbeid med den informasjonen høgskulen faktisk hentar inn (sjå 4.4). Komiteen anbefaler derfor høgskulen å vurdere kva slags dokumentasjon som er nødvendig å hente inn for å skaffe god kunnskap om kvaliteten i kvart studium.

Høgskulen fokuserer i dag på å hente inn informasjon om kvalitet. Komiteen anbefaler at høgskulen flytter fokuset til systematisering av informasjonen som vert henta inn. Ein måte å gjere dette på er å løfte blikket opp frå studentevalueringane i dei enkelte emna, og heller sjå på kvaliteten på større einingar som år eller program. Dette vil kunne styrkje høgskulen sin kunnskap om kvaliteten på heilskapen av studia. Inn i dette arbeidet anbefaler komiteen at høgskulen i større grad nyttar seg av eksterne kjelder, og gjerne innimellom gjennomfører større evalueringar av studieprogrammer kor ein i tillegg til studentperspektivet, også har ei ekstern vurdering av det faglege innhaldet.

Høgskulen har særskilte prosesser for å kvalitetssikre oppretting av nye studium, og komiteen vurderer desse som tilfredsstillande. Tilsvarende prosesser kan òg brukast til å gjennomføre større programevalueringar av eksisterande studium.

4.4 Analyse, vurdering og rapportering

- *om analyse, vurdering og rapportering: om den informasjonen som systemet genererer analyseres, vurderes og framstilles for ansvarlige fora og ledernivå*

Komiteen er av den oppfatning at høgskulen innhentar omfattande dokumentasjon, men at dokumentasjonen i mindre grad vert analysert. Eit døme på dette er nøkkelindikatorane i høgskulens årsrapport om utdanningskvaliteten i utdanningane. Rapporten er utforma på ein måte som gjer det mogleg å nytte nøkkelindikatorane aktivt i analysar av utdanningskvalitet. Likevel er dei ikkje gjenstand for vurdering i årsrapporten, sjølv om tala for fleire utdanningsområde skårar lågare enn høgskulens målsetting på nokre av indikatorane, eller varierer sterkt frå år til år.

Høgskulen hentar inn svært mykje informasjon om kvaliteten i dei ulike emna. Komiteen sett derimot spørsmålsteikn ved det høgskulen gjer med den informasjonen som samlas inn. Det manglar tydelege rutinar for korleis informasjonen skal behandlast og analyserast. For å sikre at kvalitetsarbeidet får størst mogleg effekt på arbeidet på leiar- og styrenivå, bør det analytiske perspektivet styrkast. Dette krev meir av dei rapportane som dannar grunnlaget for vurderingane på neste nivå i organisasjonen. I dag verkar rapporteringa vidare i systemet å vere prega av ein viss grad av tilfeldigheit, til dømes varierer instituttleiarrapportane i innhald og kvalitet. Likevel betyr ikkje dette nødvendigvis at viktig informasjon ikkje når leiinga. Høgskulen i Sogn og Fjordane er ein relativt liten institusjon, det er kort veg mellom dei ulike nivåa. I studienemndene vart det nemnt at det vert gjort analysar og at desse rapporterast vidare, men at ein del av dette vert gjort uformelt eller gjennom andre kanalar, og derfor ikkje vert dokumentert gjennom kvalitetssikringssystemet. Som eit døme på dette vil komiteen trekkje fram behovet for betre laboratorieutstyr, som ingeniørstudentane meldte frå om.

Sjølv om rapportane inneheld få eller ingen analysar, er systemet er bygd opp på ein måte som mogleggjer analysar på alle nivå på institusjonen. Studienemndene kan gjere analysar basert på informasjon på studienivå, medan rapportane på institutt-, avdelings- og institusjonsnivå er eigna til å dokumentere analysane som gjerer på det respektive nivået. Det er ikkje komiteens ønske at institusjonen skal gjennomføre omfattande analysar på alle nivå, men at høgskulen gjer ei vurdering av kva slags dokumentasjon som skal vere gjenstand for analysar og kven som skal gjere desse analysane. Her kan måla med kvalitetsarbeidet vere styrande for dei vala som tas.

4.5 Bruk av kunnskap til kvalitetsforbetring

- om tiltak for forbedringer iverksettes på grunnlag av de kvalitetsanalyser som gjøres

Sjølv om komiteens generelle inntrykk er at høgskulen – grunna den tette kontakta mellom dei ulike nivåa – fangar opp dei viktigaste avvika og gjer nødvendige tiltak, er komiteen noko usikker på i kor stor grad kvalitetsarbeidet ved høgskulen gir styret god nok informasjon til å prioritere tiltak på institusjonsnivået. Høgskulen i Sogn og Fjordane har ei god kvalitetssikringssløyfe mellom studentar og fagtilsette. Gjennom undervegevalueringar i emneutvala gir studentane tilbakemelding på undervisninga til dei fagtilsette. Dei fagtilsette gjer nødvendige korrigeringar undervegs, og både dei fagtilsette og studentane meiner denne ordninga fungerer godt. Komiteen er positive til dette, og meiner høgskulen er gode til å løyse saker på lågast mogleg nivå. Det er derimot meir usikkert korleis høgskulen løyser kvalitetsspørsmål som ikkje kan løysast på emne- eller studienivå. Nokre saker vert rapportert gjennom kvalitetssikringssystemet og løyst på institusjonsnivå, men komiteen har også funne døme på at høgskulen har andre formelle og uformelle kanalar kor kvalitetsspørsmål vert behandla. Grunna manglande analysar er det også vanskeleg å sjå samanhengen mellom kvalitetsarbeidet som vert dokumentert i årsrapporten og tiltaka som vert føreslått.

Slik rapportane er i dag, er det vanskelig å forstå kva slags behov dei ulike einingane har, og derfor også korleis dei ulike behova vert prioritert. Ein måte å betre dette på, er å sørge for at rapportane som dannar grunnlag for institusjonens rapport vert spissa, slik at det tydeleg kjem fram kva slags behov dei ulike einingane ved høgskulen har. Det er også viktig at sentral informasjon som er relevant for kvaliteten i utdanningane vert rapportert gjennom systemet, i tillegg til i andre relevante kanalar. Dei fleste utfordringane i dei einskilde emna kan som regel løysast på emnenivå. Eit sterkare fokus på evaluering av større einingar vil også gjere det lettare å identifisere utfordringar og forbettringsområde på tvers av dei ulike emna. Høgskulen kan også betre oppfølginga av dei tiltaka som føreslås. Oppfølging av tiltak på instituttnivå vert som regel dokumentert i instituttleiarrapportane. I institusjonens årsrapport om utdanningskvaliteten vert derimot ikkje oppfølging av tiltak på institusjonsnivå dokumentert. Oppfølginga kan bli enklare ved at høgskulen i årsrapporten, tydeleggjer kven som har ansvaret for oppfølging av dei ulike tiltaka.

Ei tydeleggjering av samanhengen mellom kvalitetsarbeidet som vert gjort og dei tiltaka som føreslås, vil styrkje avgjerdsgrunnlaget til leiinga og styret, og gjere det enklare å prioritere tiltak.

5 Konklusjon

Kvalitetskulturen og deltakinga i kvalitetsarbeidet ved Høgskulen i Sogn og Fjordane synast å vere svært god. Studentane og dei fagtilsette har tett kontakt, og studentane opplever at nødvendige justeringar vert gjort undervegs. Alle komiteen møtte verka å vere opptatt av kvalitetsarbeid, og var nøgd med tilveret på høgskulen.

Høgskulen har likevel forbettringspotensial når det gjeld rapportering, analyse og tydeleggjering av tiltak på bakgrunn av analysane. Det kan vere fleire årsaker til at dette arbeidet har blitt nedprioritert. Ei mogleg årsak er at høgskulen fleire gongar i året hentar inn store mengder informasjon og dokumentasjon om alle emna på høgskulen. Sjølv om det er viktig at studentevalueringar har ei sentral rolle i kvalitetsarbeidet, og at forhold knytt til undervisninga vert godt kvalitetssikra gjennom

kvalitetssikringssløyfa mellom dei fagtilsette og studentane, er det komiteens inntrykk at kvalitetsarbeidet ved høgskulen har eit for stort fokus på studentevalueringar av emna, og at dette skapar ein evalueringstrøytteleik og etterlet lite tid til systematisering, samanstilling og analysing av dokumentasjonen som vert produsert.

Høgskulen legg mykje vekt på vurderingar av dei ulike emna som, i hovudsak, er gjort på bakgrunn av student- og faglærarevalueringar. Også det eksterne blikket på studia er, gjennom sensorrapportane, i stor grad knytt til emna. Komiteen trur høgskulen kan styrke det analytiske perspektivet ved å flytte fokus frå emneevalueringar til evalueringar av større einingar. Ved å redusere informasjonsmengda på emnenivå, vil ein kunne frigjere meir tid til å systematisere og analysere informasjonen som vert henta inn. I studienemndene har høgskulen eit godt forum for gjennomføring av slike vurderingar, og kvalitetssikringssystemet er derfor allereie i dag tilpassa dette.

Høgskulen kan også vere meir systematiske i utsilinga av kva slags informasjon som skal sendast vidare til neste nivå i organisasjonen. Til dømes finst det ein mal for instituttleiarrapportane, men dei faktiske rapportane er svært forskjellige, og fokuset er i hovudsak retta mot oppsummeringar av kva som er gjort det siste året, hovudfunn frå emneevalueringar og bakgrunnsdata. I nokre av rapportane er heller ikkje alle felt i malen fylt ut. Slik sett verkar det ikkje som det har blitt gjort ei god vurdering av kva slags informasjon som er hensiktsmessig å sende vidare, og kva form denne informasjonen skal ha. Systematisering, samanstilling og gode analyser av dokumentasjonen som vert henta inn, vil kunne styrke grunnlaget for tiltaka som vert føreslått. Dette vil gje leiinga og styret eit betre avgjerdsgrunnlag, og gjere det enklare å vurdere og prioritere dei ulike tiltaka.

Komiteens hovudinstrykk er likevel at høgskulen har eit kvalitetsarbeid som kjenneteiknast av ein sterk kvalitetskultur. Spesielt er kvalitetssikringa på emnenivå svært god, og komiteen har ikkje funne noko teikn på sviktande kvalitetsarbeid på dette nivået. Sjølv om høgskulen har eit forbettringspotensial når det gjeld rapportering, analysing og oppfølging av tiltak, opplevde komiteen likevel at ein på kvart nivå hadde god kjennskap til kvaliteten i utdanningane. Grunna den korte avstanden mellom dei ulike nivåa på høgskulen, snakkast og analyserast det i andre, uformelle forum. Komiteen meiner dette også kan vere ei årsak til manglane i rapporteringa og analysane.

Etter ei heilskapleg vurdering er det komiteens meining at høgskulens system oppfyller NOKUTs krav. Komiteen tilrår at system for kvalitetssikring ved Høgskulen i Sogn og Fjordane vert godkjent.

6 Komiteens råd om vidareutvikling av kvalitetsarbeidet

Komiteen vil tilrå at Høgskulen i Sogn og Fjordane i sitt arbeid med å utvikle kvaliteten gjennomfører følgjande tiltak:

- Fokusér mindre på emnenivå og meir på programnivå og på utvikling av eit heilskapleg syn på kvalitet. I dette arbeidet bør høgskulen gjere fleire eksterne programevalueringar og aktivt nytte læringsutbyttebeskrivelser som ein reiskap. Slike evalueringar kan også ta utgangspunkt i dei kriteria som ligg til grunn for vurderingar av oppretting av nye studietilbod.
- Endre måten sluttevalueringar vert gjort på. I staden for sluttevalueringar i kvart emne kan ein til dømes ha sluttevalueringar etter kvart semester eller år.

- Legg mindre vekt på evalueringar og å hente inn svært detaljert informasjon på emnenivå, og større vekt på analyse og samanstilling av informasjon slik at det vert ein tydelegare samanheng mellom resultata av kvalitetsarbeidet og føreslåtte tiltak. Gjer spesielt instituttleiarrapportane meir analytiske og einskaplege i kvalitet, og vurder kritisk kva slags informasjon det er behov for å rapportere til neste nivå i systemet.
- Arbeid meir systematisk med dei eksterne sensorrapportane, og dokumentér korleis desse nyttast i kvalitetsarbeidet.
- Styrk samsvaret mellom skildringa av rollene og praksis for arbeidet i dei ulike nemndene og utvala. Spesielt studienemndene og utdanningsutvalet kan få større ansvar, i tråd med den formelle skildringa av rollene deira, slik at dei i større grad kan bidra aktivt til kvalitetsforbetrande arbeid. Dei kan både nyttast som viktige mellomledd i systemet ved at dei stiller saman informasjon frå nivåa under, men også nyttast betre i oppfølginga av prioriteringar og tiltak på sine respektive nivå.
- Sett tydelege mål for, og utvikle betre rutinar for kvalitetssikring av internasjonalisering og forskingsbasert undervisning. Utvid perspektivet på internasjonalisering til å gjelde meir enn studentutveksling, og nytt kvalitativ informasjon i tillegg til kvantitative indikatorar.
- Sikre at alle aspekt av kvalitet vert kommentert i rapportar som går til leiinga, til dømes rammekvalitet i form av utstyr og infrastruktur, slik at eventuelle avvik vert fanga opp i systemet. Unngå at det oppstår uformelle udokumenterte kanalar for kvalitetsspørsmål eller gjer slike kanalar til ein formalisert del av systemet.
- Kommentér meir konsistent på avvik frå høgskulens mål som vert avdekka i statistikk og rapportar. Utform og gjennomfør tiltak der det er nødvendig og følg opp desse i neste års rapport.
- Lag klarare rutinar og prosedyrar for kvalitetssikring av praksis. Komiteen oppfatta på hovudbesøket at det var ulike rutinar for kvalitetssikring av praksis på dei ulike avdelingane, og at ikkje alle rutinane var formalisert eller kjent for dei ulike aktørane. Det er her spesielt viktig å sikre gode rutinar for evaluering av heilheten av praksis. Dette inkluderer både evaluering av innhaldet i praksis og av praksislærar.

7 Vedlegg

7.1 Dokumentasjon frå Høgskulen i Sogn og Fjordane

Dokumentasjon mottatt før innleiande besøk

- Presentasjon av Høgskulen i Sogn og Fjordane
- Kvalitetssystemet ved Høgskulen i Sogn og Fjordane
- Organisasjonskart for Høgskulen i Sogn og Fjordane
- Status og utfordringar for arbeid med kvalitet i utdanningane
- Rapport om utdanningskvalitet frå studieåra 2010/2011, 2011/2012 og 2012/2013

Dokumentasjon mottatt under eller før hovudbesøket

- Instituttleiarrapportar 2012-2013 for alle institutt
- Programansvarlegrapportar 2012-2013 for ingenørutdanningane og naturfagutdanningane
- Årshjul for kvalitetssikring av studieprogram
- Prosess og rutinar – oppretting av nye studium
- Oppnemning av studieplankomité – bachelorgrad i fornybar energi
- Tilråding frå dekan AIN – bachelorgrad i fornybar energi
- Godkjenning av studieplan (Studieutvalet) – bachelorgrad i fornybar energi
- Vedtak om etablering av bachelorgrad i fornybar energi
- Oppnemning av studieplankomité – mastergrad i brukarsentrert samhandling innan helse- og sosialtenester
- Godkjenning av studieplan (Studieutvalet) – mastergrad i brukarsentrert samhandling innan helse- og sosialtenester
- Vedtak om søknad om akkreditering - mastergrad i brukarsentrert samhandling innan helse- og sosialtenester
- Skisse over kvalitetssikringssystemet
- Bakgrunnsdata studieåret 2013-2014
- Dokumentasjon GLU 5-10
- Dokumentasjon ingeniørfag
- Dokumentasjon sjukepleie
- Dokumentasjon mastergrad i idrettsvitskap
- Instituttleiars utgreiing av kvalitetssikringa av mastergradsstudiet i idrettsvitskap

7.2 Program for den sakkunnige komiteens hovudbesøk ved institusjonen

Torsdag 6. november - Sogndal

08:30 – 10:00 Møte i komiteen

10:00 – 11:00 Møte med studentar

11:15 – 12:15 Møte med fagtilsette

12:15 – 13:00 Lunsj

13:00 – 14:00 Møte med studienemnd – mastergrad i idrettsvitenskap

14:15 – 15:15 Møte med studienemnd – GLU

15:15 – 16:00 Møte i komiteen

Fredag 7. november - Førde

08:30 – 09:00 Møte i komiteen

09:00 – 10:00 Møte med studienemnd – bachelorgrad i sjukepleie

10:20 – 11:20 Møte med studienemnd – bachelorgrad i ingeniørfag

11:45 – 12:45 Møte med utdanningsutvalet

12:45 – 13:45 Lunsj

13:45 – 14:15 Møte med leiinga

14:15 – 15:15 Møte i komiteen

7.3 Sakkunnig komité's mandat

MANDAT FOR SAKKYNDIGE KOMITEER VED EVALUERING AV INSTITUSJONENES KVALITETSSIKRINGSSYSTEM

Fastsatt av NOKUTs styre 5. mai 2003, revidert 17.12. 2008, tilpasset *Forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning* av 1. februar 2010.

Den sakkyndige komiteen skal evaluere institusjonens system for kvalitetssikring av utdanningen, og vurdere om dette er tilfredsstillende i forhold til gjeldende forskrift og NOKUTs evalueringskriterier.

Komiteen skal gi en entydig og begrunnet konklusjon om hvorvidt institusjonens system for kvalitetssikring er tilfredsstillende.

Evalueringen skal gjennomføres med en konstruktiv holdning til institusjonen, og komiteen skal også gi råd om det videre kvalitetsarbeid ved institusjonen.

Hvis evalueringen avdekker klare indikasjoner på alvorlig kvalitetssvikt i enkeltstudier, skal dette bemerkes i komiteens rapport. Komiteens vurdering skal baseres på følgende materiale:

- Institusjonens beskrivelse av kvalitetssikringssystemet.
- Dokumentasjon av utført kvalitetssikring / kvalitetsarbeid som institusjonen legger fram. Komiteen kan be om å få seg forelagt et hvilket som helst materiale som den anser at kan ha betydning for vurderingen.
- Komiteens erfaringer og funn ved institusjonsbesøk. Komiteen avgjør hvem den vil treffe og hvilke enheter den vil besøke.

Komiteen skal nedfelle sine vurderinger, konklusjoner og anbefalinger i en skriftlig rapport.

Komiteen skal kvalitetssikre rapportens faktiske opplysninger før den avgis.

Komiteen arbeider på oppdrag fra og avgir sin rapport til NOKUT. Oppdraget er avsluttet når NOKUT har fattet vedtak i saken. Inntil oppdraget er avsluttet, skal de sakkyndige ikke ta del i den offentlige debatt om saken.

7.4 NOKUTs evalueringskriterium

Evalueringskriteria finst i kapittel 6 i forskrift om tilsyn med utdanningskvaliteten i høyere utdanning (studietilsynsforskriften), fastsett av NOKUT 28. februar 2013.

§ 6.1 NOKUTs evalueringskriterier

Ved evaluering av institusjonenes interne kvalitetsarbeid gjøres det en helhetlig vurdering av kvalitetssikringssystemet og institusjonenes aktive bruk av det. Det skal legges vekt på:

- a) Stimulans til kvalitetsarbeid og kvalitetskultur: om institusjonen stimulerer til engasjement for kvalitetsarbeid blant ansatte og studenter og deres demokratiske organer,
- b) Mål, plan og ledelsesforankring: om mål, ansvar, prosesser og aktører som inngår i kvalitetssystemet er klart beskrevet (systemets strukturelle oppbygning), og hvordan systemet for kvalitetssikring utvikles i tråd med institusjonenes behov,
- c) Innhenting av dokumentert informasjon om kvalitet i studiene: om sikring og vurdering av kvaliteten i hvert enkelt studium bygger på dokumentert informasjon som systematisk innhentes fra flere kilder, og om det er særskilte prosesser for å kvalitetssikre oppretting av nye studier,
- d) Analyse, vurdering og rapportering: om den informasjonen som systemet genererer analyseres, vurderes og framstilles for ansvarlige fora og ledernivå,
- e) Bruk av kunnskap til kvalitetsforbedring: om tiltak for forbedringer iverksettes på grunnlag av de kvalitetsanalyser som gjøres.

Merknad til kapittel 6

Institusjonene skal kontinuerlig og systematisk arbeide for å sikre og forbedre kvaliteten i utdanningen. Det interne systemet for kvalitetssikring av utdanningen skal frambringe kunnskap institusjonen trenger i sikringen og utviklingen av utdanningene som tilbys. Kvalitetssikringen skal omfatte alle studietilbud som en institusjon gir, alle deler av studiet og alle formidlingsformer. Gjennom faste rutiner og prosesser i en årlig syklus frembringes, vurderes og anvendes informasjon om det enkelte studium, og om institusjonens utdanningsvirksomhet generelt.

Institusjonens system for kvalitetssikring av utdanningsvirksomheten er institusjonens eiendom. Det er derfor institusjonen selv som ut fra egen størrelse, faglig profil og andre lokale behov bestemmer hvordan det skal utformes. Det samme gjelder for den dokumentasjonen som systemet frembringer.

8 Appendix: Høgskulens kommentarar til sakkunnig rapport

Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) mottok 13.02.15 sakkunnig rapport etter evaluering av kvalitetssystemet vårt hausten 2014. Høgskulen er tilfreds med rapporten, og glad for ei positiv tilråding frå kommisjonen til godkjenning av vårt system for kvalitetssikring. Rapporten har vore til vurdering i Utdanningsutvalet og høgskulen si leiargruppe, og tilbakemeldinga frå høgskulen er at kommisjonen har gjort eit godt og grundig arbeid.

Høgskulen sine kommentarar følgjer kapittelinnendinga i rapporten.

Kapittel 1 og 2

Dette er kapittel som i hovudsak byggjer på innsendt materiale frå høgskulen. Vi sluttar oss til omtalen av institusjonen og av kvalitetssikringssystemet vårt. Høgskulen har peika på internasjonalisering som ei av våre utfordringar slik det har gått fram av institusjonen sin rapport om utdanningskvalitet. Høgskulen hadde elles foreslått kvalitetssikring av eksamen og sensur som eit aktuelt område for evaluering i lys av SØF-rapporten i 2013 om karakterbruk og kvalitet i høgre utdanning. Komiteen valde ei tilnærming med vekt på kvalitetssikring av heile studieprogram, og valde ut fire utdanningar som dei ønska å sjå nærare på. Høgskulen hadde ingen innvendingar mot dette.

Kapittel 3

Kapitlet omhandlar høgskulen sine institusjonsrapportar om utdanningskvalitet. Kommisjonen si vurdering er at rapportane dokumenterer at det vert gjort mykje godt kvalitetsarbeid ved høgskulen. Rapportane inneheld mykje informasjon om kvalitetsarbeid og relevante data. Komiteen peikar på ei svakheit ved at rapportane i stor grad er deskriptive, og i liten grad inneheld analysar og vurderingar. Kommisjonen saknar samanlikningar og vurderingar over år og tydelegare analysar av data. Høgskulen er einig med kommisjonen, og ønskjer å utvikle rapportering om utdanningskvalitet i tråd med kommisjonen sine tilrådingar.

I kommisjonsrapporten vert kvalitetssikring av emne og programnivå vurdert særskild. Kommisjonen si vurdering er at høgskulen har god kvalitetssikring på emnenivå. Kanskje evaluerer vi meir enn nødvendig. Høgskulen er samd i at kombinasjonen av midtvegs- og sluttevaluering for kvart emne kanskje vert i meste laget. Studentane sin oppslutning om emneevaluering kan tyde på dette. Kommisjonen rår til at høgskulen i nokon grad flyttar fokus frå evaluering av emne til evaluering av program.

Høgskulen har studienemnder for kvart studieprogram, og lagar ein årleg rapport om utdanningskvalitet for kvart institutt. Kommisjonen saknar ei meir heilskapleg vurdering av kvalitet og resultat for kvart studieprogram. Dei meiner at studienemndene burde involverast i dette arbeidet, og saknar eit meir tydeleg mandat for studienemndene. Dette er ei påpeiking som høgskulen kan slutte seg til.

Kommisjonen meiner at instituttleiarane sine rapportar om utdanningskvalitet er nokså ulike, og av varierende kvalitet. Dei vert skrivne ut frå ein felles mal, men har likevel ulik form og noko ulikt fokus. Komiteen saknar meir grundige analysar av data og studiekvalitet. Gjennom evalueringa har høgskulen sett at instituttleiarrapportane bør strammast opp, og at studienemndene for kvar utdanning bør ta ei meir aktiv rolle i arbeidet med rapport og kvalitetssikring av den einskilde utdanninga.

Kommisjonen har vurdert Utdanningsutvalet si rolle i arbeid med kvalitetssikring av utdanningane. Utdanningsutvalet har ansvar for kvalitetssystemet i høgskulen, og for å utarbeide rapport om utdanningskvalitet for styret. Det vert peika på at utvalet bør få ei meir aktiv rolle i arbeid med institusjonen sin rapport om Utdanningskvalitet. I høgskulen sitt kvalitetssystem inngår dekanane sine rapportar om utdanningskvalitet. Desse dannar grunnlag for institusjonen sin rapport. Kommisjonen stiller spørsmål ved korleis Utdanningsutvalet sikrar tilstrekkeleg samanheng mellom dekanrapportane og institusjonsrapporten. Høgskulen ser at her kan vere ei svakheit i systemet, og vil følgje dette opp i det vidare arbeidet med kvalitetssystemet.

Kommisjonen saknar vurderingar knytt til internasjonalisering av utdanningane. Høgskulen har hatt størst fokus på mobilitet, noko kommisjonen meiner er for avgrensa. Høgskulen er samd i dette, og vil arbeide med å synleggjere internasjonalisering knytt til læringsutbytta for studieprogramma.

Kapittel 4

Høgskulen er tilfreds med at kommisjonen meiner at høgskulen stimulerer til kvalitetsarbeid på alle nivå i organisasjonen, og at det er opparbeidd ein svært god kvalitetskultur ved HiSF. Leiinga er opptekne av kvalitetsarbeid, og sikrar på ein god måte deltaking frå alle aktørar som har ei rolle i kvalitetssystemet. Det vart ikkje funne teikn på sviktande deltaking i fagmiljøa. Det same gjeld studentane som deltek aktivt i kvalitetsarbeidet. Komiteen fann ein «tett på»-kultur som er tydeleg i møte med leiing, fagtilsette og studentar. Høgskulen er nøgd med dette, og ser det som ein styrke ved vår høgskule.

Kommisjonen gir tydelege råd for korleis høgskulen kan arbeide med å styrke leiarforankring og betre rapportering og analysar av utdanningskvalitet. Høgskulen får råd om å gjere dei ulike rollane i systemet meir tydelege, og å nytte studienemnder og utdanningsutval meir aktivt. Høgskulen er einig i kommisjonen sine vurderingar. Høgskulen får og råd om å vurdere mengda informasjon og data og kva dokumentasjon som trengst for å vurdere kvaliteten på studium og emne. Høgskulen bør og løfte blikket frå emneevalueringar og til å evaluere større einingar. Det kan vi slutte oss til.

Høgskulen innhentar mykje dokumentasjon, og får råd om i større grad å vurdere kva dokumentasjon som trengst for ulike analysar. Det bør vidare kome tydelegare fram kva som er samanhengen mellom kvalitetsarbeidet og dei tiltaka som vert foreslått. Høgskulen er samd i denne vurderinga.

Kapittel 5 og 6

Høgskulen er glad for at kommisjonen finn ein svært god kvalitetskultur og brei deltaking i kvalitetsarbeidet ved institusjonen vår. Vi ser at vi har område som bør forbetrast, og er samde i dei forslaga til forbetring som kommisjonen foreslår. Høgskulen har opplevd evaluering av kvalitetssystemet vårt som lærerikt, og vil takke NOKUT og kommisjonen for samarbeidet.

Med helsing

Åse Løkeland (sign)

Rektor

Kari Thorsen

Seniorrådgjevar